

Volda, 08.10.21

## Strategiplan for HVO 2022-29

### Høyrings svar frå Studentparlamentet

Studentparlamentet set pris på arbeidsmetoden med strategiverkstadar der studentane og Studentparlamentet vart involvert i vår. Vi har også lagt til rette for at det nyvalde Studentparlamentet for 21-22 skulle få kome med innspel. Men sidan høyringsfristen kom tett på valet og vårt første møte for studieåret, byggjer hovudvekta av innspela våre frå innspel frå avtroppande Studentparlament.

### Overordna om strategiplanen

Planen er svært generell, noko som gjer det vanskeleg å bli engasjert av den. Den blir så generell at innhaldet blir vagt. Det er uklart kva som ligg i dei overordna setningane og korleis den er tenkt konkretisert. Korleis skal HVO følge opp dei generelle punkta, og gir dei ei tydeleg nok retning for organisasjonen?

Kva betyr til dømes å vere attraktiv? Attraktiv for kven og på kva måte? Det kan til dømes handle om dei fysiske bygningane. For studentane er det særleg viktig å ha ein fysisk bygningsmasse, altså undervisningsrom og opphaldsrom på høgskuleområdet som er oppdaterte, tilpassa dagens standard og som gir best mogleg læringsmiljø, med god luft og lys, oppdatert digitalt utstyr osv. Dei fysiske bygningane må heile tida tilpassast studentane sine behov og vere tilgjengelege for studentane.

Studentane etterspør fleire sosiale møteplassar på campus, meir liv på kveldstid og eit meir tilgjengeleg og ope campus. Studentorganisasjonar etterspør lokaler eigna for møter og aktivitetar på kveldstid. Eit godt læringsmiljø er avhengig av eit godt sosialt studentmiljø, og den studentdrivne aktiviteten på campus gir erfaring og praktisk læring som utfyller den undervisningsbaserte læringa.

Omtalen av digital kompetanse er også ganske ullen. Kva betyr «relevant digital kompetanse»? Kven skal definere kva som er relevant digital kompetanse? Kan digital kompetanse avgrensast til gitte områder og fagfelt? Kva er i så tilfelle irrelevant digital kompetanse?

### Bruk innspela frå studentane i strategiverkstaden

I strategiverkstaden der studentar deltok, kjem det fram mange gode og konkrete punkt som leiinga ved HVO bør følge opp. Det er ikkje sikkert alle passar inn i ein overordna strategiplan, men dei gir uttrykk for kva studentane meiner er viktig, og korleis HVO kan jobbe for å tilpasse seg studentane sine behov og perspektiv.

Til dømes blir det nemnt behov for praksisnær undervisning og auka bruk av gjesteførelesarar frå feltet. Førelesarar med erfaring frå det enkelte fagfelt er veldig viktig for å førebu studentane på arbeidslivet, og kan vere vel så viktig som førelesarar som forskingsmessing er i tet på sitt felt. Studentane treng den gode kombinasjonen, og må gjennom heile studieløpet ha nærkontakt med praksisfeltet.

Eit anna døme er forslaget om å slutte å blande deltid- og heiltidsstudentar på masternivå i same klasser. Det kan gjere studiet dårlegare tilpassa begge gruppene, og gjere studiet sårbart for at fleire ikkje fullfører. Her meiner Studentparlamentet at HVO bør sjå til HVL som har tilpassa studietilbodet til dei ulike behova til hhv. deltids- og heiltidsstudentar. Dette ser ut til å vise positivt igjen på gjennomføringsgraden på masternivå der.

## **Studentmedverknad bør inn som ein viktig ambisjon for HVO**

Ein viktig verdi som blir peika på i utkastet til strategiplanen, er å vere tett på, vere i dialog og skape noko saman. Dette bør konkretiserast meir når ein kjem til ambisjonane for strategiperioden (s.5). Studentane er heile årsaken til at Høgskulen i Volda eksisterer. Studentane må reknast med som pådrivarar for å utvikle høgskulen vidare i takt med samfunnet elles.

Studentparlamentet vil understreke viktigheita av å sleppe studentar til og la dei vere med både å tenkje høgt og ta beslutningar for Høgskulen. Studentparlamentet føreslår difor følgjande tilleggspunkt på side 5 til våre ambisjonar for HVO 2030:

- Vi er landsleiande på studentengasjement og studentmedverknad, der både studentinitiativ og studentdemokrati blir vektlagt i heile organisasjonen

## **Sterkare vektlegging av klima og miljø**

Studentparlamentet saknar ei sterkare vektlegging av klima og miljø i strategiplanen.

Planen opnar med å understreke samfunnsoppdraget om blant anna ei berekraftig utvikling av samfunnet. Det ligg også inne i visjonen – kompetanse for eit betre samfunn, at Høgskulen skal vere deltakande for ei berekraftig verd. Men dette blir ikkje følgt opp i ambisjonane for Høgskulen for 2030 (s.5). Her bør det kome inn eit kulepunkt som tydeleg slår fast kvar HVO skal vere på dette feltet i 2030. Forslag til formulering:

Høgskulen i Volda 2030:

- Vi ligg i front i den grønne omstillinga, har redusert klimagassutsleppa med 50 %, og tek klima- og miljøomsyn inn i alle relevante deler av verksemda og utdanningane vil tilbyr.

Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda  
[studentparlamentet@hivolda.no](mailto:studentparlamentet@hivolda.no)  
hivolda.no/studentparlamentet  
tlf. 70075151



Vidare meiner Studentparlamentet at klima og miljø bør inngå i eit av kulepunkta knytt til strategiske satsingsområde for 2022-25. Til dømes kan dette punktet leggjast under overskifta at HVO skal ha eit dynamisk og berekraftig læringsmiljø (s.7). Forslag til formulering:

Vi vil prioritere å:

- Systematisk ta klima og miljø inn i relevante utdanningar og setje stadig strengare miljø- og klimakrav til utviklinga av Høgskulen.

Studentparlamentet viser elles til miljøuttalen som Studentparlamentet vedtok 24.02.21, og oppmodar styret ved HVO å vektlegge denne i ferdigstillinga av strategiplanen og i arbeidet med oppfølginga av planen. Studentparlamentet ynskjer at Høgskulen i Volda skal liggje i front i den grønne omstillinga, ta berekraftsmåla til FN og klima og miljøomsyn inn i alle deler av verksemda, og vere rollemodell for andre institusjonar i regionen som ein del av løysinga på klimakrisa.

Venleg helsing

Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda  
Ved leiar Trond-Fredrik Hoddevik